

Til aksjonærene i **Origod AS**

INNKALLING TIL EKSTRAORDINÆR GENERALFORSAMLING

Vi innkaller med dette til ekstraordinær generalforsamling i Origod AS.

Stad: Origod AS, Industriveien, 6900 Florø

Dato: 01.10.2018

Kl. 10.30

Til behandling er aksjesplitt, godkjenning av fusjonsplan for fusjon med Mentro AS, val av nytt styre og vedtektsendringar.

Styret foreslår følgende dagsorden:

1. Val av møteleiar
2. Godkjenning av innkallingen
3. Val av ein person til å underteikne protokollen saman med møteleiaren
4. Aksjesplitt

Styret foreslår for generalforsamlingen at talet på aksjar i selskapet blir splitta frå 577 aksjar til 577 000 aksjar (1:1 000). Dette fører til at pålydande per aksje blir endra frå NOK 1 000 til NOK 1. Vedtaket fører til at § 3 i vedtektene endrast til:

"Selskapets aksjekapital er NOK 577 000 fordelt på 577 000 aksjer hver pålydende NOK 1. Aksjene er fullt innbetalt og lydende på navn. Aksjenes omsettelighet skal være begrenset slik at salg eller annen form for overdragelse ikke kan finne sted uten styrets godkjenning. Selskapets overskudd skal forbli i bedriften og disponeres til formål som styrker fremtidig drift."

5. Fusjon
6. Kapitalauke med tilhørende vedtektsendring i samband med utskriving av fusjonsvederlaget

Som oppgitt i fusjonsplanen blir følgende kapitalauke og endring av vedtektene foreslått:

- i. Aksjekapitalen i Origod AS aukast frå NOK 577 000 med NOK 405 964 til NOK 982 964 ved utskriving av 405 964 nye aksjar kvar pålydande NOK 1.
- ii. Kapitalauken skjer til kurs på ca NOK 35,65 pr aksje. Dette vil seie eit totalt aksjeinnskott på NOK 14 474 048, av dette er NOK 405 964 aksjekapital og NOK 14 068 084 overkurs.
- iii. Aksjeinnskottet blir gjort opp ved at Origod AS overtek eigedelar, rettar og skyldnadar frå Mentro AS i samsvar med føresegnene i fusjonsplanen.
- iv. Dei nye aksjane blir teikna av og tilfell aksjeeigarane i Mentro AS. Aksjane blir rekna for teikna ved at generalforsamlinga i Mentro AS godkjenner fusjonsplanen.
- v. Dei nye aksjane skal ha fulle rettar, under dette rett til utbytte, frå tidspunktet for selskapsrettsleg ikraftsetjing av fusjonen.
- vi. Utgiftene til kapitalauken er vurderte til ca. NOK 15 000. Utgiftene blir dekkja av selskapet.
- vii. Som følge av auken av aksjekapitalen blir § 3 i vedtektene endra til å lyde:

"Aksjekapitalen er NOK 982 964 delt på 982 964 aksjar pålydande NOK 1. "

7. Andre vedtektsendringar

Styret vedtok å fremme for generalforsamlingen et forslag til nye vedtekter i sin helhet som følger:

- § 1 Namnet på selskapet er Origod AS.
- § 2 Selskapets adresse og forretningskontor er Florø. Selskapet skal være lokalisert med avdelingar i Florø og Førde.
- § 3 Føremålet med selskapet er å drive arbeids- og inkluderingstenester, og det som naturleg høyrer med til slik verksemd.
- § 4 Aksjekapitalen er NOK 982 964 delt på 982 964 aksjar pålydande NOK 1.
- § 5 Aksjar kan ikkje seljast eller overdragast på annan måte utan godkjenning frå styret. Selskapets verksemd skal ikkje ha til føremål å skaffe aksjeeigarane økonomisk utbytte. Overskotet i selskapet skal verta verande i bedrifta og disponerast til føremål som styrkjer bedrifta. Selskapet er ikkje skattepliktig og skal ikkje betale utbytte til eigarane.
- § 6 Styret skal ha mellom 5 -7 medlemmer. 2 av styremedlemmane skal veljast av og blant dei tilsette, der ein skal være tilsett ved avdelinga i Førde og ein ved avdelinga i Florø.
- § 7 Styreleiar og dagleg leiar teiknar i fellesskap selskapet.
- § 8 Dersom det vert gjort vedtak om å løyse opp selskapet, skal generalforsamlinga velje eit avviklingsstyre. Dette avviklar verksemda, krev inn uteståande fordringar og betalar gjeld. Attverande formue skal nyttast til føremålet, jmf § 3.
- § 9 For øvrig gjeld føresegnene i aksjelova.

8. Val av nytt styre

oooOOOooo

Informasjon om fusjonen er å finne i følgande, vedlagte dokument:

- Fusjonsplan med vedlegg
- Framstilling av fusjonsplanen utarbeidd av selskapets styre
- Revisors stadfesting av framstillinga
- Rapport frå styret om fusjonen
- Fråsegn frå dei tilsette]

Fjord 27.08.2018

stad, dato

På vegner av styret i Origod AS



Siv Merete Stadheim
(Styreleiar)

Vedlegg